

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/14

av 28. februar 2002

om godkjenning av den planen som Luxembourg har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i Luxembourg(*)

[meldt under nummeret K(2002) 627]

(Berre den franske teksta er gyldig)

(2002/181/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det har vore utbrot av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse austlege område i Luxembourg.
- 2) Styresmaktene i Luxembourg har lagt fram ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei aktuelle områda i Luxembourg.
- 3) Den nemnde planen er vorten granska av Kommisjonen og er funnen å vere i samsvar med føresegnene i direktiv 2001/89/EF.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den planen som Luxembourg har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i Luxembourg, er godkjend.

Artikkel 2

Luxembourg skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å gjennomføre den planen som er nemnd i artikkel 1, frå den datoen då dette vedtaket er gjort.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til Storhertugdømmet Luxembourg.

Utfërda i Brussel, 28. februar 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 61 av 2.3.2002, s. 54, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 26/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 9.

(¹) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.